

Laila Bjørge
Landbrukssjef
Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

3.11.2014

Tillegg til søknad om oppføring av våningshus på gnr/bnr 27/2 sendt september 2014

Garden i Drageneset har vore i drift fram til 2004. Under oppveksten til søkjar sin dotter dominerte sauedrift bruket, noko ho, i lag med mannen sin, ynskjer å halda fram med ved å starta opp med villsauar på garden. Eigedommen sitt totale areal på kring 100 mål, fordelt mellom 12 mål innmark og 85 mål utmark, gjev grunnlag for ei drift på kring 6-8 villsauer. Under synfaring 16. oktober i år påpeika landbrukssjefen i Meland at eigedommen i seinare tid har hatt kraftig tilvekst av skog kring innmarksareal og busetnad. Dette kan sjåast i samband med at drifta vart avslutta i 2004. Ei oppattstarting med tiltenkt villsaudrift vil avgrensa denne tilveksten og såleis vera tenleg både for garden og busetnaden i Drageneset.

For vidare drift er det naudsynt med renovering av driftsbygninga på garden. Dette omfattar minimum all kledning og tak, samt utskifting av nokre knekte takstolar og knuste vindauge. I samband med villsaudrift vil bygninga primært nyttast til lagring av fôr og reiskapar ettersom dyra i utgangspunktet ikkje er avhengig av tak over hovud, men søkjar ser stor verdi i å bevare løa med omsyn til garden i seg sjølv og framtidige generasjonar.

I tillegg til driftsbygninga har garden eit 170 m² moderne reiskapshus for maskiner og utstyr/reiskap med tilgang på mellom anna traktor, tilhengar, gravemaskin, beitepussar, vinsj og vedkløyvar, noko som legg til rette for ei effektiv drift av garden.

Både dotter til søkjar og mannen hennar er oppvaksen på gard og er godt van med gardsarbeid. Dei har òg jobba som avløyser på andre gardar. Sidan 2012 har dei leigd bustad her i Drageneset og aktivt hjelpt til med å avgrensa tilveksten av skog gjennom produksjon og distribuering av ved. Søkjar ser det som særst positivt at dei ynskjer å ta over garden med omsyn til tilknytning og bevaring av garden.

Dersom eit våningshus vert innvilga vil ei overtaking finna stad innan ein 15-års periode, medan gardsdrifta vil starta opp like etter at huset er ferdigstilt gjennom ei forpaking av garden. I vedlegg 1 er plasseringa av eit eventuelt våningshus skissert inn kartet.

Med vennleg helsing

Stein Olav Sagstad

Stein Olav Sagstad



Målestokk: 1:1 000